



VANG KOMMUNE

Vang kulturskule

REGLEMENT FOR VANG KULTURSKULE

Søknad om plass i kulturskulen skal vera elektronisk via Vang kommune si heimeside. Ved elektronisk søknad så får du tildelt brukarnamn og passord. Elevar og foreldre skal halde seg oppdatert i Speedadmin, som er kulturskulen sitt administrasjonsprogram. Ein søker om plass for heile skuleåret. Utmelding skal også vera elektronisk (re-registrering eller mail), men kan også leverast skriftleg. Søknadsfrist er 1.april. Kulturskulen tek likevel i mot søknadar heile året, men det er størst sjans for å få plass om du søker innan 1.april. Elevar som ikkje kjem inn kjem på ei venteliste.

Elevopptak skjer i juni, og elevane får beskjed om tid og stad i august. Vang kulturskule brukar same skulerute som grunnskulen i Vang. Undervisning gjennom året kan erstattast av ulike typer seminar/samspel.

Alle som får undervisning må vera villige til å **øve regelmessig**, og møte vel førebudde og presise til timane. Føresette kan avtale med læraren om å få vera med i timane for å hjelpe elevane betre.

Fråvere skal snarast meldast til lærar. Skulen gjev ikkje attende timer som skuldast fråvere av elevar. Ved stadig **fråvere utan melding**, manglende interesse eller innsats, og av disciplinære grunnar, kan kulturskulen nekte eleven undervisning.

Dei føresette skal vere varsle skrifteleg på førehand, og kan anke avgjerda til Hovudutval for levekår i Vang.

Elevane i kulturskulen oppheld seg på eige ansvar på skuleområdet, medan dei venter på undervisning etter at grunnskula er ferdig med sin undervisning. Det er ikkje vakter frå kulturskulen som passer på at ein oppfører seg. Kulturskulen kan vera behjelpeleg med å legge til rette for at dei kan sitje med lekser medan dei venter. Dette er ei ordning basert på tillitt mellom lærar og elev. Kulturskulen anbefaler at dei sitt å ventar i gangen utafor rommet der det er undervisning.

Om ein elev melder seg ut av kulturskulen før utgangen av eit semester , og dette ikkje skuldast fråflytting eller langvarig sjukdom, må eleven likevel betale full semesteravgift.
Søknad om permisjon frå undervisning sendast med begrunning til rektor.

Ved elevbetaling vert det gjeve **søskensmoderasjon** for elevar frå same familie. Den høgaste kontingensten vert betalt fullt ut, og det er 25 % moderasjon for dei andre.

På same måte vert det gjeve 25% moderasjon for elevar som får undervisning i fleire disciplinar.

Fakturering skjer to gonger i året, ei gong i kvart semester.



VANG KOMMUNE

Vang kulturskule

Det kan vera høve til å leige **instrument**, i fyrste rekke strykeinstrument og langeleik. Kulturskulen sine folkemusikkinstrument er det gratis å låne. Alle elevar skal ha tilgang til instrument. Elevane må som hovudregel **sjølve kjøpe notemateriell**.

Samarbeidsutvalet til kulturskulen har fire foreldrerepresentantar, ein frå kvart sokn i Vang kommune. Det er viktig for Vang kulturskule at det er eit godt samarbeid mellom heim og skule.

Kulturskulen sine arrangement er viktige for vår skule, og det er obligatorisk å delta på nokre av desse. Ein må ikkje framføre noko på desse, men kan delta som passiv eller andre praktiske oppgåver.

Vang kommune har som mål å vera ein **trafikksikker kommune**, og det vert oppfordra til å tenke på tryggleik ved reise til og frå undervisning. Fotgengarar og syklistar skal bruke gangveg der det er dette og hjelm når ein vel bruk av sykkel. Ved bruk av rutebuss skal ein bruke gangveg inn til skuleområdet frå busstopp. Elles så oppfordrar vi foreldre til å gå inn på **tryggtrafikk.no** for meir informasjon om tryggleik på vegen.

Hovudutval for levekår 19.februar 2020 - Vang kommune



Foto av G. R. Kvam